

NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 13/2018, 18.09.2018**NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 13/2018, 28.09.2018**

"Kunnskap for framtida" www.hivolda.no

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no

NB! Også førre nyhendebrev var nummerert som nr 13, men det skulle altså vore nr 12.

GRATULERER TIL 25-ÅRINGEN NYNORSK KULTURSENTRUM

Fredag 28. september markerte Nynorsk kultursentrum sine første 25 år. Høgskulen i Volda var ein av stiftarane og fagfolk ved Høgskulen i Volda stod sentralt i grunnarbeidet som førte fram til etableringa av det som på folkemunne vert kalla Aasentunet i Hovdebygda. Særleg avdøde historieprofessor Jostein Nerbøvik fortener å bli minna litt ekstra. Høgskulen har eit godt samarbeid med Nynorsk kultursentrum på mange område og det har vore stor utveksling av tilsette og fagfolk mellom institusjonane. No i jubileumsåret er professor Per Halse ved Høgskulen i Volda rådsordførar i Nynorsk kultursentrum. I høve jubileet har Halse i lag med styreleiar Lodve Solholm skrive ein kronikk om Nynorsk kultursentrum og då spesielt etableringsfasen:

<http://www.aasentunet.no/iaa/no/aktuelt/Ideens+ringverknader.d25-SMlbU52.ips>

KONFERANSE OM REGIONALE KOMPETANSEBEHOV I VOLDA 5. OKTOBER

Kva kompetanse treng regionen? Korleis ligg vi an på helse- og sosialområdet? Dette er blant spørsmåla som blir stilt og kanskje svara på på ein konferanse ved Høgskulen i Volda fredag 5. oktober. Konferansen blir arrangert i samarbeid med Helse Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Fylkeskommune, Høgskolen i Molde og NTNU i Ålesund.

<https://www.hivolda.no/konferanse/kompetansebehovMogR>

AVTALE OM LÆRARUTDANNINGSSKULAR I VOLDA OG ØRSTA

Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning har teikna samarbeidsavtalar om lærarutdanningsskular med Volda og Ørsta kommunar. Føremålet med avtalane er å styrke grunnskulelærarutdanningane - og lærarutdanningsskulane. I Volda er det Øyra barneskule som er med i avtalen, og Ørsta er det Velle skule som er med. Det er kjekt at Øyra skule som ligg like over gjerdet har vorte lærarutdanningsskule. Det er faktisk kortare frå studentkantina til Øyra skule enn å gå til Kaarstadhuset. Men det er no heller ikkje langt til Ørsta. Seinare skal det lagast avtale med ein tredje skule og då er det ungdomstrinnet det gjeld.

<https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/signerer-avtale-om-samarbeid>

ANIMASJONSUTSTILLING TIL OG MED 29. SEPTEMBER

Under Animation Volda opna ei utstilling med bilde frå produksjonen til den nett avdøde animatøren Inni Karine Melbye. Ho stod blant anna for animasjonar på barne-TV på 1980- og 1990-talet. Bilda er utstilte på Volda samfunnshus til og med laurdag 29. september.

Les meir i Møre-Nytt (krev innlogging):

<https://www.morenytt.no/kultur/2018/09/26/%E2%80%93Og-truleg-er-dette-berre-starten-17586348.ece>

HELSEUNDERSØKING AV STUDENTAR (SHOT): BÅDE- OG FOR VOLDA

For første gong har studentane i Volda delteke i helse- og trivselsundersøkinga SHOT. Resultata syner som venta at Volda har eit godt studentmiljø og studentane er særleg aktive på kulturell deltaking. Men det er mange studentar som slit psykisk og også den fysiske helsa kunne vore betre seier mange studentar. Vi må også konstatere at vi har utfordringar når det gjeld rus og mobbing/trakassering.

<https://www.hivolda.no/hivolda/studentar-fornogde-med-volda-som-studiestad>

Sjå også innlegg i rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr/2018/09/26/shot-undersokinga-litt-bramange-sporsmalsteikn/>

STUDIEBAROMETERET STARTAR 23. OKTOBER

Den årlige kvalitetsundersøkinga Studiebarometeret blir som vanleg gjennomført i oktober/november, og frå 23. oktober kan studentane svare på spørsmåla i undersøkinga.

<http://www.studiebarometeret.no/nn/>

BILLEGARE MAT I KANTINA - FOR TILSETTE OG STUDENTAR

I haust er det innført topris-ordning i kantina i Berte Kanutte Huset. Studentar og tilsette får lågare pris enn andre, om dei passar på å gi beskjed i kassa. Dette gjeld berre mat som er laga i kantina og som difor har eigne momsreglar.

PH.D.-UTDANNINGA: METODEFORUM OG FORSKINGSFORMIDLING

Metodeforum er eit felles organ for Høgskulen i Volda (HVO) og Høgskolen i Molde (HiM) som samlast to gonger i semesteret, vekselvis i Molde og Volda. Hovudføremålet er å bidra til god gjennomstrøyming i doktogradsprogrammet 'Profesjonsutøving – vilkår og utvikling', som dei to høgskulane samarbeider om.

Leiar for Metodeforum, førsteamanuensis Kjartan Leer-Salvesen, kunne ønskje om lag 50 deltakarar velkomne. I løpet av samlinga vart det gjennomført såkalla midtvegsevaluering for fire stipendiatar. Tre av desse er tilsette ved HVO: Stein Conradsen, Nanna Natalie Dam Jørgensen og Kristine Vaadal, medan den fjerde, Ingrid Hogstad, er tilsett ved HiM.

Som del av Metodeforum var det også samling i Rettleiarakademiet, der professor Tor-Johan Ekeland underviste om Kommunikative utfordringar i doktorgradsrettleiing. Den andre dagen stod forskingsformidling og journalistikk på programmet. Kvar stipendiat vart intervjuet av ein mediestudent om prosjektet sitt, medan ein i Rettleiarakademiet samtalte om forskingsformidling under overskrifta: 'Kva gjer du dersom ein journalist ringjer?' Fellesundervisinga for alle hadde temaet 'Forskingsformidling og forskingsjournalistikk i praksis.'

Mot slutten av samlinga utveksla journaliststudentane og stipendiatane synspunkt på intervjuet tidlegare på dag om korleis ein kan vinkle ei mediasak om forskingsprosjektet som ein arbeider med.

<https://www.hivolda.no/forskning-og-utvikling/metodeforum-med-forskingsformidling-fokus>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2018 OG 2019

Hausten 2018

- 5.10. Seminar på HVO: Kompetansebehov og -strategi for Møre og Romsdal (i samarbeid med Helse Møre og Romsdal m.fl.)
- 8.10. Regjeringas framlegg til statsbudsjett - presentasjon av langtidsplan for forskning
- 22.-23.10. Styreseminar på Hotell Ivar Aasen - styremøte 6/2018 (på Høgskulen):
<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>
- 24.10. Kultur- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal held møte på HVO:
<https://mrfylke.no/Politikk/Politiske-organ/Kultur-og-folkehelseutvalet>
- 31.10.-1.11. Utdanningsdagane 2018: <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2018>
- 1.-2.11. Barnehagekonferansen 2018, Ålesund: <https://www.hivolda.no/barnehagekonferansen-more-og-romsdal>
- 7.11. Fagdag om eteforstyrningar: <https://www.hivolda.no/fagdag/spiseforstyrningar>
- 8.-11.11. Fellesadministrasjonen på reise til London
- 30.11.-7.12.: Rektorval <https://www.hivolda.no/val>
- 6.12. Styremøte 7/2018: <http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

Viktige datoar i 2019

- 6.2.2019: Internasjonal dag
- 20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)
- Semesterstart 2019-2020, tysdag 20. august 2019.

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:
https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

- 26.09.2018: SHOT-undersøkinga: Litt bra - mange spørsmålsteikn
<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/09/26/shot-undersokinga-litt-bra-mange-sporsmalsteikn/>
- 21.09.2018: FoU-prisen til Siv Måseidvåg Gamlem - bakgrunn for tildelinga.
<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/09/21/fou-prisen-2018-siv-therese-maseidvag-gamlem/>
- 21.09.2018: Siv Måseidvåg Gamlems takketale
<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/09/21/fou-prisen-2018-siv-maseidvag-gamlems-takketale/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:
<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>